

Kva er pengar?

Seminar om pengar sett frå ulike ståstader som økonomi, historie, språk og digital utvikling gjennom kryptovaluta. Seminaret er ein del av kurset «Bitcoin, blokkjedeteknologi og den digitale økonomien» ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Framveksten av kryptovaluta, og særleg Bitcoin, har gjort spørsmålet om kva pengar er, meir aktuelt. I lange tider har pengar vore teke for gitt, men då produksjonen av bitcoin starta for snart 10 år sidan, markerte det etter kvart også starten på ein diskusjonen om kva pengar eigentleg er, og kva som kan kallast pengar. Dette seminaret tek opp tråden og diskuterer fenomenet frå ulike innfallsvinklar.

Seminaret er ope for alle interesserte. Sparebankane Vik, Aurland og Indre Sogn har bidrege økonomisk til arrangementet.

Tid: Måndag 12. nov., kl. 10 - 14

Stad: Quality Sogndal Hotel

Program

- | | |
|-------|---|
| 10.00 | Opning og velkommen
Representant for HVL
Representant for sparebankane |
| 10:20 | «Sylvdalaren er storkna Manna-Sveitte»
Noko om A. O. Vinje, pengar, Svalbard-setlar og kryptovalutaer
<i>Morten Sjøberg</i> , direktør for myndigheitskontakt, Sparebank 1 Gruppen |
| 10:50 | «Penger - en tilnærming i krysningen mellom nåtid og fortid»
Lars Fredrik Øksendal, økonomisk historikar |
| 11:20 | «Dalar og skilling, kroner og øyre. Om pengar og språk»
Klaus Johan Myrvoll, førsteamanuensis i nordisk språkvitskap ved universitetet i Stavanger |
| 11:50 | Lunsj |
| 12:50 | «Økonomenes forhold til pengar - før og etter finanskrisen»
Ebba Boye, leiar av Rethinking Economics Norge |
| 13:20 | «Fra Nassarius til Nakamoto - Hvorfor bitcoin har verdi»
Torbjørn Bull Jensen, adm. dir. Arcane Crypto, tidl. seniorøkonom i Menon Econ. |

Om foredragshaldarane

Morten Sjøberg er direktør for myndigheitskontakt i Sparebank1 Gruppen. Han har utdanning i økonomi frå London School of Economics og har ein doktorgrad i samfunnsøkonomi. Han har tidlegare vore statssekretær i Finansdepartementet. Han har nyleg gitt ut boka «Nynorskens lys: Eit essay».

Lars Fredrik Øksendal er økonomisk historikar. Han er cand. philol. med hovudfag historie (2001) frå NTNU og har økonomisk historie frå NHH (2008). Han er medforfattar av "A monetary history of Norway, 1816-2016" (2016) og "Modellbyggere. Det tekniske beregningsutvalg for inntektsoppgjørene, 1967-2017 (2017). Han har vidare omfattande publisering i internasjonale tidsskrift om finansielle og monetære historiske emne og avsluttar i desse dagar eit bokprosjekt om Oslo Børs.

Klaus Johan Myrvoll er norrøntfilolog og språkhistorikar og tilsett som førsteamanuensis i nordisk språkvitskap ved universitetet i Stavanger. Han har ein ph.d. frå universitetet i Bergen (2007) og har ei rekkje publiseringar, både artiklar og bøker/bokkapittel.

Ebba Boye er leiar for *Rethinking Economics Norge*. Ho er utdanna økonom frå The New School i New York der ho hadde eit internship hos Institute for New Economic Thinking (INET). Tidligere har ho jobba som finanspolitisk rådgivar på Stortinget for SV, vikarforelesar i økonomi på Høyskolen Kristiania og utredar i Manifest Tankesmie. I dag jobbar ho som skribent og foredragshaldar.

Torbjørn Bull Jenssen er adm. dir. i investeringselskapet Arcane Crypto og tidlegare seniorøkonom i rådgivings- og analyseselskapet Menon Economics. Han er utdanna samfunnsøkonom ved Universitetet i Oslo og skreiv masteroppgåve om Bitcoin i 2013/2014 («Why Bitcoins Have Value, and Why Governments Are Sceptical»).

